



Grafane over viser at det er levert inn 44 søknader om støtte til hovudprosjekt frå Sogn og Fjordane dei fyrste fem åra. Det svarar til nesten 9 søknader i året.

Etter ein god start i 2010, var det eit botnår i 2011. Sidan har tal søknader gått opp jamnt og trutt. Det er ingen mål definert til tal søknader frå Sogn og Fjordane, men grafane gjer det lett å lage eit slikt mål, som t.d. 10 søknader pr. år.



Grafane over viser at det er 13 prosjektsøknader av 44 frå Sogn og Fjordane, som har fått støtte dei fem fyrste åra. Det svarar til ei utteljing på 30% av søknadane. Det er omtrent som for Hordaland (29%) og Rogaland (33%).

Utteljinga i prosent er ein god parameter på FoU-del mål 1,2 og 3. Di betre brukar, di betre FoU-miljø og di betre samarbeid mellom sektorane, di betre søknader vil ein få, og di betre blir utteljinga.

#### STØTTEINDEKSEN - JUSTERT FOR ULIKT FOLKETALE I FYLKA

STØTTEINDEKS = Tal tilsegn pr år /folketalet x 1000000

Støtteindeks SF RFFV 2010-2014: 23,8

Støtteindeks H RFFV 2010-2014: 10,3

Støtteindeks R RFFV 2010-2014: 10,8

Sogn og Fjordane har for 2010 til 2014 ein støtteindeks som er over 2 gonger større enn i Hordaland og Rogaland etter denne metoden.

For å heva indeksen må søkjarane frå eit fylke levere inn fleire søknader av høgre kvalitet, og få fleire tilsegn. Det er kvalitet, og ikkje kvantitet, som er avgjerande.

Støtteindeksen er relativ i høve dei andre fylka i regionen. Når eitt av fylka får fleire tilsegn, så blir det oftast ferre på dei andre. Andre forhold kan også verka inn, som tilskot pr. prosjekt etc..



For Sogn og Fjordane kan støtteindeksen vera eit mål på FoU-styrke, for jamføring med dei to andre fylka. Om ein berre hadde brukt tal tilsegn, så hadde ein ikkje teke omsyn til ulikt folketal.

#### Tal søknader og tilsegn i middel pr. år:


Sogn og Fjordane: 8,8 søknader - 2.6 tilsegn  
Hordaland: 18,0 søknader - 5.2 tilsegn  
Rogaland: 15,2 søknader - 5.0 tilsegn

#### Folketal 1. kvartal 2014



Sogn og Fjordane 109.042  
Hordaland 506.491  
Rogaland 461.453



Grafane over viser at søkjarar frå Sogn og Fjordane har fått tildelt kr 26 mill i sum støtte dei fem fyrste åra. Toppåra har vore 2010 og 2014.



Grafen viser at Sogn og Fjordane etter 2010 har lege under målet om å få tildelt minst 21% av totalpotten til RFF Vestlandet. 21 % er kalkulert til å vera fylket sin rettmessige del av fondet, basert på tildelingsnøkkelen til Kunnskapsdepartementet (50% etter folketal og resten likt pr. fylke). For å nå målet på 21% måtte søkjarne frå fylket fått tildelt kring 4 mill meir dei 5 fyrste åra, som svarar til 1-2 prosjektsøknader innvilga.



Grafane over viser at Sogn og Fjordane kan konkurrera godt med Hordaland og Rogaland med omsyn på karakter. I Sogn og Fjordane har me ikkje hatt så mange søknader som har fått karakter 6, men me har hatt få søknader med dei dårlegaste karakterane. Når det gjeld summen av karakter 5 og 6 i prosent av totalen, så er det likt for alle fylke, med 41-42%


## OVERORDNA MÅL OG FORVENTA EFFEKT

## BAKGRUNN, UTFORDRINGAR OG FØRESETNADER

### ARBEID FOR SOGN OG FJORDANE SINE FOU-INTERESSER (C)

Avtalen mellom fylkeskommunane, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, seier at Sogn og Fjordane sin person i sekretariatet, skal gjere andre FoU oppgaver for fylket enn dei som er knytt til RFF

Denne prosessen som her er oppretta i RUP Norge, er forankra i denne delen av avtalen, og spesielt retta inn mot FoU-arbeid i Sogn og Fjordane, illustrert ved ring C i figuren under.



Figuren viser korleis stillingsheimelen er delt i to oppdrag, i høvesvis Regionalt forskingsfond Vestlandet, sekretariatet (B) og i Sogn og Fjordane fylkeskommune, for arbeid med Sogn og Fjordane fylke sine FoU-interesser (C)

### REGIONALT FORSKINGSFOND VESTLANDET (B)

Det typiske sekretariatsarbeidet (B) vil skje saman eller i samarbeid med dei andre i personane i sekretariatet, frå Rogaland og Hordaland. Dette arbeidet er organisert i 4-årsbolkar, der bestillinga frå fylkeskommunane og retningslinjene frå Kunnskapsdepartementet er styrande.

Det vert laga årlege handlingsplanar, med eit relativt fast årshjul. Det viktigaste arbeidet til fondet er å forvalta midlane i fondet i tråd med retningslinjer og bestilling. Det gjeld utlysning av midlar, vurdering av søknader, tildeling av midlar til prosjekt, oppfølging av prosjekt, etc. Sekretariatet arbeidar tett saman med styret for fondet. Det er 7 fond i landet, som alle jobbar tett saman med Forskningsrådet.

### SAMSPEL OG SAMORDNING AV TO OPPDRAG (A)

Eit mål med dette FoU-arbeidet i Sogn og Fjordane er at det skal utfylla og styrka arbeidet i sekretariatet, for å nå det felles målet om styrking av forskning for regional utvikling og innovasjon i Sogn og Fjordane.

Ei viktig utfordringa er å utnytta dei moglegheitane som finst i kombinasjonen av å vera "sekretær i fondet" (B) og "rådgjevar i fylket" (C).

Denne nettsida i RUP-Norge skal utfylla og støtte opp om [RFF Vestlandet si eiga nettside](#), som er fondet si hovudsida.

## STRATEGI

### STRATEGI

Strategien skal sikra at [måla](#) vert nådde. Ambisjonane er:

- Strategien skal sikra at det vert sendt inn mange gode søknader frå Sogn og Fjordane, og at mange FoU-prosjekt frå fylket får tilskot frå

fondet.

- Strategien skal sikra at søkjarane arbeidar effektivt og målretta for å etterspørja FoU-hjelp, og at dei får den alle beste hjelp til å nå sine mål raskt og effektivt.
- Strategien skal sikra at Regionalt forskingsfond Vestlandet er optimalt innretta mot prioriterte mål og målgrupper i regionale planar i Sogn og Fjordane
- Strategien skal sikra at Regionalt forskingsfond Vestlandet er optimalt innretta mot overordna mål for ordninga i Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer til fonda, og at det desse måla skal nåast i alle fylke.

Før ein kan setje i verk strategiske handlingar, eller tiltak, så må ein fyrst kartlegge, eller liste opp, dei kritiske suksessfaktorane. Me kjenner mange [kritiske suksessfaktorar](#).

1. Brukarane, eller søkjarane, må bli flinkare til å arbeida langsiktig, målretta og systematisk. Eit FoU-prosjekt må forankrast i ei satsing med målstyring, eller eit program med programstyring. Dette gjeld ofte både bedrifter, institusjonar og organisasjonar.

- Betre brukarar (bedrifter, institusjonar, organisasjonar)
- Betre bruksretta forskning
- Betre sektorsamarbeid
- Betre regionale innovasjonssystem
- Betre brukarar
- Styrka aktuelle brukarmiljø i Sogn og Fjordane som regionale utviklingsaktørar, for å oppnå mogne og topp kvalifiserte bestillarar og brukarar av FoU.
- 
- Betre FoU-miljø
- Styrka forskingsmiljøa i Sogn og Fjordane som oppdragstakarar og leverandørar av bruksretta forskning, utvikling og innovasjon, og deira evne og moglegheit til langsiktig og målretta samarbeid med brukarane.
- 
- Betre sektorsamarbeid
- Utvikla og/eller styrka nye og eksisterande former for samarbeid mellom dei fire sektorane (offentleg, privat, akademia/FoU og frivillig) i Sogn og Fjordane, for å skapa innovasjonar som grunnlag for å oppnå økonomisk vekst og andre målsetjingar.
- 
- Betre regionale innovasjonssystem
- (meir her)
- 
- Strategien er at det vert etablert langsiktige og målretta utviklingsprosessar for kvart delmål.
- 
- I figuren under er delmåla illustrert ved dei tre ringane, medan hovudmålet er illustrert ved den gule trekanten, som eit symbol på optimal "mix" av dei tre delmåla.
- 
- 
- 
- 
- 

## AKTIVITETAR OG MILEPÆLAR

## METODAR OG VERKTY

RUP Norge vil bli nytta som styringsverktøy for prosessane, og som verktøy for koordinering, informasjon, rapportering, etc..

URL: <http://rup.no/vision/vision1.aspx?hierarchyid=1478&type=2>

Andre viktige metodar og verktøy kan/vil vera:

- Porteføljestyling
- Programstyring
- Mål og resultatstyring i staten - [les meir her](#)
- PLP-prosessen
- Innovasjonsprosessen ved TRL-skalaen (ny 2015)
- etc.

Ein vil også sjå på nye metodar og verktøy som kan dukka opp, og/eller utvikla slike sjølv, om det viser seg naudsynt.

## SPESIELLE OMSYN OG KRITISKE SUKSESSFaktorAR

### NØKKELFAKTORAR SØKJAR OG BRUKAR

For å oppnå hovudmål 1, som i hovudsak dreier seg om mange og gode søknader frå fylket, og stor nytteverdi for brukarane av resultatane, må søkjarane, eller brukarane, vera godt førebudde.

Det luraste er å knyte (forankra) prosjektet til ein eksisterande produksjon. Produksjonen må ha god styring, men likevel slita med måloppnåing. Før ein søker må det gjennomførast ein problemanalyse, for å vita kva problem som er mest avgrensande på produksjonen. Ein må vidare ha ein ide (forslag) på løysing, og ideen må vera analysert og definert som eit konsept.

Hovupoenget med FoU-søknaden er fyrst å finna ut om konseptet kan virka (proof of concept). Og om så er tilfelle, utvikla konseptet til bruk for

brukeren, via ein prototype (laboratorium) og ein pilot som fungerer under realistiske forhold, og få eigenskapane til det ferdig utvikla konseptet dokumenterte.

Her er nøkkelfaktorane litt meir i detalj:

## 1. Produksjonen - med mål og resultatstyring - sjølve utgangspunktet

Er brukarane, eller søkjarane, flinke nok til å arbeida langsiktig, målretta og systematisk.

Har FoU-prosjektet vakse fram som eit resultat av manglande måloppnåing i ein eksisterande produksjon eller regional satsing?

Viser søkjarane fram høg kompetanse på mål- og resultatstyring? Har dei definert langsiktig prosessansvar. Finst det årlege ressursar og årlege reknskap og årsrapportar? Har dei SMARTe-mål og GAP-analysar?


### SMARTe-resultatmål - frå mål og resultatstyring i staten

1. *Spesifikke: Resultatmåla må vera tydeleg definerte, slik at det er klart kva som skal oppnåast*
2. *Målbare: Det må vera mogleg å måla i kva grad verksemda når sine mål*
3. *Aksepterte: Resultatmåla må opplevas som rette, relevante og interessante å arbeida etter, og bør fastsettast etter dialog mellom over- og underordna nivå*
4. *Realistiske: Ambisjonsnivået må ikkje settast høgere enn at det blir opplevd som mogleg å innfri krava, men samstundes skal det vera noko å strekja seg etter.*
5. *Tidfesta: Det må vera klart når resultatmåla skal vera oppfylte.*
6. *Enkle: Resultatmåla må vera enkle å forstå og måla.*

Utan slik forankring i prosessar med mål- og resultatstyring og SMARTe-mål, er det vanskeleg å generera FoU-prosjekt retta mot ekte behov.

Det blir då også vanskeleg å svare godt på alle spørsmåla i utlysinga. Og kven eig prosessen? Kven skal bruke resultatet av prosjektet, eller fullføra utviklinga etter FoU-prosjektet?

Under er ein graf for utviklinga av epledyrkinga i Sogn og Fjordane. Så enkelt kan ein presentera resultat av eit arbeid. Merk tydinga av E i SMARTe - enkelt å måle og lett å forstå. Les om Frukt- og grøntprogrammet [HER!](#)



## 2. Problemanalyse - kvar trykker skoen mest?

Er søkjarane flinke nok til å finne fram til dei rette problema, før dei set i gong med eit FoU-prosjekt? Blir det gjennomført flaskehalsanalysar, eller "tønneanalyser" i førekant.



## 3. Idejakt - å finna forslag til løysingar på problem

## 4. Moglegheitsanalyse - frå ide til konsept

- Veit søkjarane nok om sine idear før dei set i gong med eit forskingsprosjekt? Gjennom ein moglegheitstudie kan ein kome fram til betre idear, og ein skal prøva å finna ut om ideane kan lata seg gjennomføra og om dei kan vera liv laga i eit lengre perspektiv. Ein skal prøva å finna ut om ideane er noko å satsa på, før ein utviklar dei.
- Mange av spørsmåla ein må svara på når ein skriv ein søknad om hovudprosjekt, vil ein finne gode svar på i ein moglegheitstudie.

#### Horizon 2020


"I ein moglegheitstudie kan ein for ein idé utforska og vurdere teknisk gjennomførbarheit og det kommersielle potensialet av ein innovasjon som søkjar ynskjer å nytta og kommersialisera. Typiske aktivitetar er risikovurdering, motiv eller marknadsundersøkingar, partnerskap og eigarskap"

Kva er ein moglegheitstudie? College of Engineering, Sanqli

1. Ein moglegheitstudie er ein analyse for å finna ut levedyktigheiten til en idé gjennom en disiplinert og dokumentert prosess, der ein skal tenke gjennom ideen frå sin logiske start til sin logiske slutt.
2. Ein moglegheitstudie blir utført for å vurdere levedyktigheiten til et nytt prosjekt.
3. Ein moglegheitstudie er det fyrste og det viktigaste ein må gjera i samband med utvikling av prosjekt

Gjennom ein moglegheitsstudie kan ein ta eit forslag på løysing frå IDE fram til eit DEFINERT og ANALYSERT KONSEPT, som kanskje tilrådest vidareførast i ein innovasjonsprosess. Etter ein moglegheitstudie har ein fullført trinn 2 på TRL-skalaen (under).

#### Moglegheitstudie, som etterfylgjar til problemanalyse



[Prins2TM om feasibility studies:](#)

Kjem meir seinare

#### RESULTAT / PRIORITERINGAR

Ein må koma attende til kva som skal stå her.

#### EVALUERINGAR

#### PUBLIKASJONAR, RAPPORTAR OG INFORMASJONSAKTIVITET

#### ØKONOMI

##### Samla budsjett for 2014-2016:

kr 0 mill 2014

kr 0 mill 2015

kr 0 mill 2016

kr 0 mill sum

##### Samla finansiering for 2103 - 2016:

kr 0 mill: Sogn og Fjordane fylkeskommune

kr 0 mill: Kommunane i SF:

kr 0 mill: VRI, via NFR

kr 0 mill: sum

#### ANNA DELTAKING

Prosessleiar:

Arne Monrad Johnsen,

seniorrådgivar FoU

Sogn og Fjordane fylkeskommune / Regionalt forskingsfond Vestlandet

Mobil: 41530978

[arne.monrad.johnsen@sfj.no](mailto:arne.monrad.johnsen@sfj.no)

Prosessansvar:

Jan Heggheim,

Fylkesdirektør Næringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune